# Pressemelding

13.06.2018

## Første kvinnelege fylkesrådmann i Hordaland

**Hordaland fylkeskommune fekk i dag første kvinne som fylkesrådmann. Fylkestinget har konstituert Ingrid Holm Svendsen (49) som fylkesrådmann fram til nye Vestland fylkeskommune vert oppretta 1. januar 2020.**

Holm Svendsen overtek etter Rune Haugsdal som er tilsett som prosjektleiar for det nye fylket og blir fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020. Haugsdal har vore fylkesrådmann i Hordaland frå 1. februar 2013. Holm Svendsen er den sjette fylkesrådmannen i Hordaland.

– Eg takkar for tilliten og gler meg til å ta fatt. Hordaland fylkeskommune er ein flott organisasjon med svært kompetente tilsette. Med meg har eg eit team med fagleg sterke leiarar. Saman skal vi jobbe for å sikre gode tenester for brukarane og forsvarleg drift av fylkeskommunen i tida framover. Parallelt med dette skal vi i fellesskap medverke til oppbygginga av den nye Vestland fylkeskommune, seier Ingrid Holm Svendsen.

Ho starta som organisasjonsdirektør i Hordaland fylkeskommune i januar 2013. Frå 1. juni 2015 fekk ho og ansvar for økonomifunksjonen som ny fylkesdirektør for økonomi og organisasjon.

Ingrid Holm Svendsen kom frå stillinga som kommunikasjonsdirektør i Tryg Forsikring, ein jobb ho hadde sidan 2000. Før det jobba ho som personalkonsulent (1994-98) og informasjonskonsulent (1998-2000) i den same verksemda. I åra 1992-93 var ho journalist i næringsavdelinga i Bergens Tidende.

Holm Svendsen er siviløkonom frå Norges handelshøyskole. Utdanninga hennar omfattar også Høyere avdelings eksamen i administrasjon (NHH), høyere forsikringseksamen (Forsikringsakademiet/BI), masterprogram i informasjon og samfunnskontakt (BI) og nettpublisering (HiB).

Ingrid Holm Svendsen byrjar i stillinga som fylkesrådmann torsdag 14. juni.

Bilete av Ingrid Holm Svendsen til fri bruk kan lastast ned

**For meir informasjon, kontakt:**
Fylkesordførar Anne Gine Hestetun, mobil 995 64 643
Konstituert fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen, mobil 907 34 144

**Hordaland fylkeskommune**
Organisasjonsavdelinga
kommunikasjonsseksjonen

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 99 40
e-post: kommunikasjon@hfk.no
**www.hordaland.no**

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Miljøfyrtårn®